

Til Austrheim kommune
Kommunalsjef for helse og velferd
5943 Austrheim

Skyss til AUFERA – merknader frå pårørandegruppa og RMNF.

Underteikna er representant for pårørande i arbeidsgruppa som fekk i oppdrag av kommunestyret/kommunedirektøren å utarbeide forslag til løysing for brukarane av tilrettelagt transport til arbeidsstaden på Manger.

I tillegg er eg leiar for RMNF.

Denne saka har blitt omfattande og vanskeleg med omsyn til regelverk og ansvar. Gruppa har hatt fleire møte og ein har sett på alternative løysingar:

Offentleg transport/skyss. Leasing av bil – ulike løysingar, drosje/transportfirma og kombinasjon av rutebuss og drosje.

Kommunalsjefen har gjort greie for kostnadane ved dei ulike alternativa.

For oss som pårørande til denne gruppa er det svært viktig at dei vert tekne vare på og ikkje vert diskriminerte, og at kommunen brukar «ikkje lovpålagde tiltak» som grunngjeving.

Denne gruppa HAR rettar og kommunen har plikt til å gi dei eit godt tilbod etter FN-konvensjonen (CRPD). Både Regjeringa og Helsedirektoratet har sagt at FN-konvensjonen skal inkorporerast i norsk lov, 2021.

RMNF har drøfta saka og gitt klart uttrykk for at skysstilbodet til Aufera må vera slik at arbeidarane kan møta på arbeid til rett tid og vera der til arbeidsdagen er slutt. Arbeidsreisa må og vera «rimeleg» og utan lang ventetid mellom ulike bussruter.

Vi håpar kommunen finn ei tilfredsstillande løysing på denne saka.

Øksnes, den 9. november 2023.

Odd Øksnes.